



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Kyrkjerådet

Deres ref.: **Vår ref.:** **Vår sakshansamar.:** **Arkivkode:** **Dato:**
17/00025-002 Anne Sofie Nergård 002.0 14.06.2017
Uthaug

HØYRINGSSVAR - FORSLAG TIL NYE REGLER FOR VALG AV MENIGHETSRÅD, BISPEDØMMERÅD OG KIRKEMØTET

Meland sokneråd (og fellestråd) vedtok i møte 8.juni 2017 følgjande høyringssvar:

Av kapasitetsomsyn vel vi å konsentrere oss om nokre få sentrale moment og prinsippspørsmål. Valreglane elles må underordnast desse prinsippa.

Vi meiner det er viktig å halde fast på indirekte val til bispedømeråd og Kyrkjeråd.

- Av omsyn til distrikta, meiner vi det er viktig å halde fast på indirekte val. Stader som har lågt folketal, men utgjer eit stort tal sokn i eit vidstrakt land kan miste representasjon. Dermed er det stor fare for at berre byane blir representerte.
- Indirekte val understreker og at det er sokna som er grunnkjernen i Kyrkja, - ja den eigentlege kyrkja, jamfør vedkjenningskriftene til Den norske kyrkja: «Kirken er forsamlingen av de hellige, der evangeliet blir lært rent og sakramentene forvaltet rett.» CA 7. Sokneråda er demokratisk valde, og representativt demokrati er godt grunngeve og ofte nytta i mange organisasjonar og verksemder. Dette er vanleg i dei fleste kyrkjer i verda, og i mange interesseorganisasjonar i Noreg, til dømes Fotballforbundet, som har indirekte val på delegatar til landsmøtet.
- Indirekte val minskar risikoen for å fjerne kyrkja frå kjerneoppgåvene, og minkar risikoen til å gjere henne til ei «aksjonskyrkje».
- Ein nominasjonskomite er viktig for å rekruttere ut frå kven som er eigna, og syte for ei ansvarleg breidde.

Sjølv om dette ikkje er tema for denne høyringa, meiner vi at no når kyrkja er sjølvstendig, bør kyrkja revurdere å knytte valet til kommunevalet på nytt.

- Vi bør lytte til eit samla Stålsett-utval si grunngeving for dette. I eit pluralistisk samfunn er det ikkje grunnlag for å gje trussamfunnet Den norske kyrkja ei slik særbehandling.
- Valet bør i staden knyttast til kyrkjer og gudstenestestader. Ein bør kunne røyste i alle kyrkjene innanfor eit fellestrådsområde. I tillegg må det vere høve til førehandsrøysting.

Adresse:
Postboks 117

Tlf/faks
Tlf: 56171480
Faks: 56171481

E-post/Internett:
post@melandkyrkja.no
www.melandkyrkja.no

Bankkonto / Org.nr.:
9999.99.99999
976 995 406



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

- Dei store kostnadane knytt til å ha dagens valordning bør ein også kunne stille spørsmål til når kyrkja til dømes slit med å ha dei nødvendige stillingar til å vere landsdekkande.

Venleg helsing

Anne Sofie Nergård Uthaug
Kyrkjeverje

Adresse:
Postboks 117

Tlf/faks
Tlf: 56171480
Faks: 56171481

E-post/Internett:
post@melandkyrkja.no
www.melandkyrkja.no

Bankkonto / Org.nr.:
9999.99.99999
976 995 406